

Sentraladministrasjonen

Dato : 12.09.2005
Vår ref. : 05/1198-3/K2-V70/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Geir Johan Groven
Telefon : 61 21 61 99
Telefaks : 61 21 61 91

Det Kgl. Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 200501215	Doknr.: 18
Mottatt: 14 sept 2005	
Saksben.: ASR/	Ark.: 482
Kopi: ASAL/IEK	Avskr.:

HØYRINGSUTKAST - FORSKRIFT OM BEREKRAFTIG SKOGBRUK

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker har i møte 07.09.05, sak 067/05 fatta følgjande vedtak i saka:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker viser til rådmannsleiinga si vurdering og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

1. Betre presisering av ansvarsforholdet mellom skogeigar og skogeigarforeining når det gjeld Levende Skog sine standardar i samband med hogst, jf. vurderingane i §2-1, andre ledd og § 2-3, første ledd.

2. Teksten bør endrast til "så snart det er praktisk og rasjonelt gjennomførleg", jf. vurderingane i § 2-3, tredje ledd.

3. Å sette ein 3 års frist for tilfredsstillande forynging på bonitetar som skal foryngast naturleg har ingen verdi, korkje for skogeigaren eller forvaltninga. På desse bonitetane burde kravet vore at det skal utførast markberedning innan 3 år, og at det innan 10 år skal vere oppnådd ei tilfredsstillande naturleg forynging, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.

4. Ordninga med tilskott til planting burde vore gjeninnført samstundes med at den nye miljøforskrifta vil tre i kraft, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.

5. Det er ikkje bare biologiske betraktningar som må leggjast til grunn, men og om investeringane er økonomisk forsvarlege for skogeigaren. Skogbruket er framleis ei næring, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.

6. Ein tilrår at Departementet utarbeider ei føresegn som gir nærare definisjon av fagtermar og omgrep som er brukt i forskrifta.

7. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker ber om at det i kap. 4 Tiltak mot skadar på skog blir sett fokus på elg og beiteskader på skog.

Vedlegg: Møtebok sak 067/05.

Med helsing

Karl Larssen Brenna
Karl Larssen Brenna
kontorleiar



Nord-Fron
kommune

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
7855 05 05168



Nord-Fron kommune

Møtebok

HØYRINGSUTKAST - FORSKRIFT OM BEREKRAFTIG SKOGBRUK

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker	067/05	07.09.2005	GGR

Saksansv.: Geir Johan Groven	Arkiv: K2-V70	Arkivsaknr.:	2005001198
	Objekt:	Journalpost:	2005004248

Vedlegg:

1. Høyringsbrev m/ utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk, Landbruks- og matdepartementet 06.07.2005.

Utrykte vedlegg:

1. Lov 27.05.2005 nr. 31 – Skogbrukslova.
2. Lov 09.05.2003 nr. 31 – Miljøinformasjonslova.
3. Forskrift 04.02.2004 nr. 449 - Forskrift om tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Forskrifta er heimla i §§ 4, 6, 8, 9 og 20 i lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova) og § 18 jf. § 33 i lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven).

I St. Meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, foreslo regjeringa at det skulle utarbeidast ei ny lov om skogbruk til erstatning for gjeldande skogbrukslov. Den nye skogbrukslova blei vedtatt av Landbruks- og matdepartementet 27.05.2005, og blir gjort gjeldande frå 01.01.2006.

I samband med behandlinga av ot. prp nr 28 (2004-2005) om den nye skogbrukslova var det fleirtal på Stortinget for å innføre ei eiga miljøforskrift. Utkastet til miljøforskrift som nå er sendt på høyring har samla reglane om miljøomsyn, om forynging og reglane om tiltak mot skade på skog.

Høyringsfristen er sett til 04.10.2005.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Kapittel 1. Innleiande føresegner.

Ingen merknader.

Kapittel 2. Miljøomsyn.

§ 2-1, andre ledd:

Ein ser i dag at skogeigarforeiningane utfører brorparten av alle tømmerdriftene. I mange tilfelle er skogeigaren ikkje involvert i korkje planlegging eller gjennomføring av tømmerdrifta. I praksis vil det då vere lokal skogbruksleiari og maskinførar som står ansvarleg

for at tømmerdrifta blir gjennomført etter Levende Skog sine standardar. Dette forholdet burde gått klarare fram i teksten. Som det er sitert i vedlagt høyringsnotat legg Departementet til grunn *at dei som er tilslutta gjeldande sertifiseringsordning vil tilfredsstillе dei krava som blir sett i lova, og som vil følge av den komande forskrifta.*

§ 2-3, første ledd:

Jf. merknader til § 2-1, andre ledd.

§ 2-3, tredje ledd:

Det er ikkje alltid at det er ein fordel å utbetre køyreskadar *snarast råd*, fordi det ofte kan vere blautt/vatn i køyrespora som gjer at ein slik jobb nesten er bortkasta. Teksten bør endrast til ”så snart det er praktisk og rasjonelt gjennomførleg”.

Kapittel 3. Forynging etter hogst.

§§ 3-2 og 3-3:

Det er urimeleg å krevje eit minimum plantetal pr. dekar allereie 3 år etter hogst på middels og dårlege bonitetar. På dei dårlegaste bonitetane av gran er planting utifrå eit økonomisk synspunkt ikkje noko alternativ, og det vil då ikkje vere rett å påleggje skogeigaren å plante på desse bonitetane. Skogeigaren kan markberede, men på bakgrunn av at slike bonitetar ofte finst i høgareliggjande skog spelar faktorar som tilgang på frø og frømogning ei stor rolle. Ein ser ofte att sjølv om ein markbereder vil det ta atskillig lenger tid enn 3, eventuelt 5 år før ein får tilfredsstillande plantetettleik.

Alternativet på slike bonitetar vil utifrå teksten i forskrifta vere gjennomhogst, der ein set att minimum 50 tre pr. dekar, og i ettertid ikkje gjer nokon investeringar i skogkultur.

Det burde i staden vore ein skilnad i tidsfrist når det gjeld krav til forynging, avhengig av bonitet og foryngingsmetode. At ein set ein 3 års frist på bonitetar som skal foryngast naturleg har ingen verdi, korkje for skogeigaren eller forvaltninga. På desse bonitetane burde kravet vore at det skal utførast markberedning innan 3 år, og at det innan 10 år skal vere oppnådd ei tilfredsstillande naturleg forynging.

Det stillast spørsmål ved samanhengen i det faktum at ein set strengare krav til skogeigaren når det gjeld forynging, samstundes som det ikkje blir tillete å gje tilskott til planting. Det er ikkje samsvar mellom målsetting og bruk av verkemiddel, og ordninga med tilskott til planting burde vore gjeninnført samstundes med at den nye miljøforskrifta vil tre i kraft.

Det er ikkje bare biologiske betraktningar som må leggjast til grunn, men og om investeringane er økonomisk forsvarlege for skogeigaren. Skogbruket er framleis ei næring, der utøvarane på same vis som i andre næringar set krav til eit visst overskott frå drifta. Dersom vilkåra for næringa blir dårlege nok vil interessa for avverking og investeringar i skogkultur bli mindre.

Kapittel 4. Tiltak mot skader på skog.

Ingen merknader.

Kapittel 5. Avsluttande føresegner.

Ingen merknader.

Avslutningsvis ber Departementet om tilbakemelding på behovet for ei føresegn som gir nærare definisjon av fagtermar og omgrep som er brukt i forskrifta. Sjølv om fleirtalet av skogeigarane nok ikkje har problem med å forstå dei fagtermane og omgrepa som er brukt, vil det likevel vere positivt med ei slik føresegn. Ein tilrår at Departementet utarbeider føresegna.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker viser til rådmannsleiinga si vurdering og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

1. Betre presisering av ansvarsforholdet mellom skogeigar og skogeigarforeining når det gjeld Levende Skog sine standardar i samband med hogst, jf. vurderingane i §2-1, andre ledd og § 2-3, første ledd.
2. Teksten bør endrast til "så snart det er praktisk og rasjonelt gjennomførleg", jf. vurderingane i § 2-3, tredje ledd.
3. Å sette ein 3 års frist for tilfredsstillande forynging på bonitetar som skal foryngast naturleg har ingen verdi, korkje for skogeigaren eller forvaltninga. På desse bonitetane burde kravet vore at det skal utførast markberedning innan 3 år, og at det innan 10 år skal vere oppnådd ei tilfredsstillande naturleg forynging, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.
4. Ordninga med tilskott til planting burde vore gjeninnført samstundes med at den nye miljøforskrifta vil tre i kraft, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.
5. Det er ikkje bare biologiske betraktningar som må leggjast til grunn, men og om investeringane er økonomisk forsvarlege for skogeigaren. Skogbruket er framleis ei næring, jf. vurderingane i §§ 3-2 og 3-3.
6. Ein tilrår at Departementet utarbeider ei føresegn som gir nærare definisjon av fagtermar og omgrep som er brukt i forskrifta.

LUM-067/05 07.09.2005 Behandling:

Finn Hellebergshaugen la fram forslag til slik nytt pkt. 7 i vedtaket:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker ber om at det i kap. 4 Tiltak mot skadar på skog blir sett fokus på elg og beiteskader på skog.

Samrøystes vedtatt.


LUM-067/05 07.09.2005 Vedtak:

Pkt. 1-6: Som innstillinga.

Pkt. 7. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker ber om at det i kap. 4 Tiltak mot skadar på skog blir sett fokus på elg og beiteskader på skog.

Samrøystes.

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker, 08.09.2005.


Kari Larssen Brenna